



**AURE KOMMUNE**

**LOKAL FORSKRIFT FOR VASS- OG  
KLOAKKAVGIFTER**

Vedteke av Aure kommunestyre, 13.mars 2008 i sak 5/08, arkivsak 8/336  
*med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3, og forskrift om begrensning av  
forurensninger av 1. juli 2004, sist endra 15. desember 2005.*

## Innhold

LOKAL FORSKRIFT FOR VASS- OG KLOAKKAVGIFTER .....	1
§ 1 Gebyrområdet .....	3
§ 2 Definisjonar .....	3
§ 3 Gebyrtypar .....	3
§ 4 Tilknytingsgebyr .....	4
§ 5 Årsgebyr .....	4
§ 6 Frådrag eller tillegg i årsgebyret .....	5
§ 7 Om bruk av vassmålar .....	6
§ 8 Mellombels tilknyting .....	6
§ 9 Innbetaling av gebyr .....	6
§ 10 Innkrevjing av gebyr .....	6
§ 11 Vedtaksmynde .....	7
§ 12 Sakshandsaming / Klager .....	7
§ 13 Iverksetting .....	7
Reglar for tilknytning til kommunalt ledningsnett(vatn og avløp) .....	8
Reglar for bruk av vassmålar .....	9

## § 1 Gebyrområdet

Denne forskriften gjeld alle abonnenter i kommune, sjå definisjon av abonent i § 2. Der blir det fastsett utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstjenestene.

## § 2 Definisjonar

### Abonent:

- Eigar/festar av eigedom som er tinglyst med eige gards og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonar(under felles gards-og bruksnummer), som er tilknyta kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkledning.
- Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig dei bygningane som er plasserte på tomta, og brukar festeretten slik det går fram i lova om tomtefeste.
- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§ 65, 66 og 92 i Plan- og Bygningslova har kravd tilknyta vass- og avløpsleidning.

### Eining :

- Eining i denne forskriften er det same som bueining. Definisjonen på bueining følgjer registreringsinstruksen i GAB.

### Kombinasjonsbygg :

- Bygg med både bustader og næringsverksemd

### Kommunal vass- og avløpsledning:

- Leidningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overteke av kommunen

### Stikkledning:

- Vass- eller avløpsleidning for ein eller fleire eigedommar som er abonnenten sin eigedom, og som blir halde ved like av denne. Om ikkje anna er avtala, er stikkledningen rekna til og med anboring for vatn og grein for avløp.

## § 3 Gebyrtypar

Følgande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr
- Gebyr for mellombels tilknyting

## § 4 Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyret skal betalast:

- når eigedom med hus på, blir tilknyta offentleg vatn og/eller avløpsnett
- ved førstegongs oppføring på eigedom som blir tilknyta offentleg vass- og/eller avløpsnett.

Tilknytingsgebyret skal vera likt for alle abonnentar og skal betalast ved tilknyting av eigdommen første gongen.

Kommunestyret fastsett kvart år storleiken på gebyret. Dette blir gjort kjend i *gebyrregulativet*.

## § 5 Årsgebyr

### Fast og variabel del av årsgebyret

Årsgebyret for både vass- og avløpstenester skal betalast av alle som er abonnentar. Gebyret er samansett av to delar:

- fastledd (abonnementsgesbyr)
- variabelt ledd (forbruksgebyr)

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigdommen er tilknyta kommunalt ledningsnett.

Fordelinga mellom abonnementsgesbyr og forbruksgebyr skjer prosentvis ut frå dei samla kostnadene knytta til vatn/ avløp. Dette skjer årleg og blir gjort kjend i det utarbeidde gebyrregulativet. Det same gjeld storleiken på abonnementsgesbyr og forbruksgebyr.

### Abonnementsgesbyr

Abonnementsgesbyret blir differansiert etter brukarkategori.

Abonnementsgesbyret for bustad gjeld for bustad- og fritidshus, og skal betalast pr.eining, jfr. definisjonen av eining i §2. For einebustader med inntil 5 hyblar , blir hyblane samla vurdert som ei eining.

Abonnementsgesbyret for næring skal betalast for næringseigedommar, offentlege verksemder og næringsdel på kombinasjonsbygg. Gebyret blir fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksledning slik dette går fram av tabellen under.

Dimensjon på inntaksledning	Gebrysats : N * abonnementsgesbyr på bustad
<= 32 mm	N = 1
> 32 - 40 mm	N = 2
> 40 - 63 mm	N = 4
> 63 – 75 mm	N = 6
> 75 – 110 mm	N = 10
> 110 mm	N = 15

For kombinasjonsbygg må det takast omsyn til kor stor del av forbruket som går til bustader.

### Forbruksgebyr

Abonnentar med bustadhus og fritidshus betaler anten etter målt vassforbruk og pris pr.m3, eller stipulert forbruk basert på utrekna bruksareal (NS3940) og gjeldande pris pr.m3.

Omregningsfaktor for stipulert forbruk er sett til 0,8m3/ m2. Dette gjeld både bustader og fritidshus.

Følgande bruksareal og vassforbruk skal leggast til grunn :

Bruksareal (NS 3940)	Grunnlag for utrekning 0,8 m3 / m2	Stipulert forbruk bustadhus (m3)	Stipulert forbruk fritidshus (m3)
< 125 m2	125	100	25
> 125 - 250	250	200	50
> 250	250	280	70

Næringseigedommar og offentleg verksemder betaler forbruksgebyr etter målt vassforbruk og pris pr.m3. Forbruket blir målt på installert vassmålar.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengda blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 6.

Både abonent og kommune kan krevja at forbruksgebyret blir rekna ut frå målt forbruk.

## § 6 Frådrag eller tillegg i årsgebyret

Om avløpsmengda til ein abonent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan årsgebyret(forbruksgebyret) for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert avløpsmengde, eventuelt kan avløpsmengda målast særskilt.

Om avløpsvatnet skil seg vesentleg frå vanleg hushaldsavløp, kan det reknast tillegg eller frådrag i årsgebyret (forbruksgebyret).

Dersom ein eigedom i lengre tid blir fråkopla det kommunale vass- og/eller avløpsnettet, kan abonnenten etter søknad fritakast frå forbruksgebyret i denne perioden. Gebyret for fråkopling/tilkopling, er sett til 50% av samla årsgebyr.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

## § 7 Om bruk av vassmålar

Den enkelte abonnenten må sjølv kosta og installasjon av vassmålaren. Kommunen fastsett type og dimensjon på målaren.

Installasjon og bruk av vassmålar skal vera i samsvar med *Reglar for bruk av vassmålar i Aure kommune*.

## § 8 Mellombels tilknyting

Mellombels tilknyting gjeld for bygg/ anlegg som har innlagt vatn og/eller utslepp av avløpsvatn til kommunalt nett, men der bygget/ anlegget berre skal nyttast i ein avgrensa periode.

Gebyret blir fastsett etter dei reglane som gjeld årsgebyr for næringsverksemd.

Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkja om lengre tid.

Gebyr for mellombels tilknyting går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

## §9 Innbetaling av gebyr

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Eingongsbebyr for tilknyting må vera betalt inn før tilknyting skjer.

Årsgebyr blir kravd inn saman med andre kommunale gebyr, og blir fordelt over to terminar pr.år. Ved bruk av vassmålar blir forbruksgebyret å betala a konto basert på forbruket året før. Målaravlesing skjer ein gong i året, og avrekning skjer innan 1.termin året etter.

Gebyr for mellombels tilknyting og tilleggsgebyr blir fakturert særskild.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endra a kontobeløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring blir gjort.

## §10 Innkrevjing av gebyr

Krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedommen etter pantelova § 6- 1. Gebyra kan krevast inn av kommunen etter reglar for innkreving av skatt.

## **§11 Vedtaksmynde**

Vedtak etter denne forskriften blir gjort av rådmannen.

## **§ 12 Sakshandsaming / Klager**

Avgjerd etter denne forskriften som er einskildvedtak, følgjer bestemmelsane i kap. IV-VI i Forvaltningslova. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal sendast til rådmannen, og fristen til å klage er 3 veker.

Gebyrregulativet blir fastsett årleg av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast jfr. kap.VII i Forvaltningslova.

## **§ 13 Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft frå 1.januar 2008. Tidlegare forskrift for Aure kommune frå 1995 med tilhøyrande reglar og retningslinjer blir frå same dato oppheva.

Vedlegg:

- Reglar for tilknyting til kommunalt leidningsnett (vatn og avløp), 05.10.07
- Reglar for bruk av vassmålar, 05.10.07



## **Reglar for tilknytning til kommunalt ledningsnett(vatn og avløp)**

### **Stikkledningar**

Abonnenten er sjølv ansvarleg for framlegging og seinare vedlikehald av privat stikkledning frå anboringspunktet på kommunal ledning.

Stikkledningar skal leggast med nødvendig isolasjon slik at frosttapping ikkje er nødvendig. Blir slik tapping påvist kan FDV Kommuneutvikling setta fram krav om erstatning for meiruttak og ulemper med dette.

Plassering av stoppekran på stikkledning skal godkjennast FDV Kommunalteknikk. Stoppekran skal normalt plasserast så nære anboringspunktet som mulig og vera lett å få tak i.

Stenging av hovedledning for arbeid på private ledningar kan berre skje etter nærmere løyve er gitt frå FDV Kommunalteknikk.

### **Trykkregulering**

Abonnenten er og sjølv ansvarleg for montering og drift av nødvendig utstyr for trykkregulering eller anna ekstra utstyr til leveringa av vatnet. Alt materiell skal vera av godkjendt kvalitet . Erstatningskrav på grunn av problem med privat del av ledningsnettet er kommunen uvedkommende.

### **Anboring.**

Anboring på kommunal ledning skal utførast av FDV Kommunalteknikk eller godkjendt personell som har nødvendig godkjenning.

### **Avstenging / eigarskifte**

Når private ledningar ikkje lenger er i bruk , eller eide dom går over til ny eigar skal dette meldast snarast til FDV Kommunalteknikk.

Abonnenten har plikt til å mælda frå til Aure kommune ved FDV Kommunalteknikk på etterviseleg måte om alle forhold som kan føre til endringer i beregningsgrunnlaget.



## Reglar for bruk av vassmålar

### **Innkjøp og installasjon av vassmålar.**

Målaren blir kjøpt inn og betalt av abonnenten, og er abonnenten sin eide. Kommunen bestemmer valg av type målar, plassering og dimensjon på målaren slik at den er riktig i høve til drifta.

Abonnenten må og kosta installasjonen og eventuell flytting av målaren . Installasjonen av målar skal utførast av autorisert rørleggar eller rørleggar som er godkjendt av kommunen.

Vassmålaren må plasserast slik at han er lett tilgjengelig både for avlesing og kontroll/utskifting. Etter montasje skal vassmålaren plomberast av kommunen eller av godkjendt rørleggar.

### **Avlesing**

Avlesing av vassmålaren skal gjerast ein gong i året. Abonnenten skal lese av måledata og melde inn data til kommunen innan fastsett tid.

### **Kontroll**

Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla tid.

Kommunen kan til ei kvar tid, eventuelt etter søknad frå abonnenten, kontrollera målaren. Dersom kontrollen viser feilavlesing på meir enn 5 % skal årsgebyret justerast for det føregåande året. Eventuell utskifting av målaren skal abonnenten sjølv kosta.

### **Fleire tilknytingar**

Kvar eide skal normalt ha berre ei tilknyting. I dei tilfella ein eide har fleire tilknytingar, skal det installerast ein målar for kvart inntak. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkomande.

### **Andre høve**

Når vassmålar er montert , kan han ikkje fjernast utan kommunen sitt samtykke.

Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtekne beregningsreglar.

Dersom ein målar blir skada, skal abonnenten straks melda frå til kommunen. Plomberte målarar kan berre opnast av kommunen sitt personell eller under oppsyn av kommunen sitt personell. Er ei plombe broten, blir vassforbruket for vedkommande termin fastsett til pårekna multiplisert med 2.

### **Sikring mot inntrenging av ureine vesker på ledningsnettet.**

Leidningsnettet skal sikrast mot inntrenging av ureine vesker eller gassar. Det skal også sikrast mot tilbakesuging og tilførsel frå andre vasskjelder og installasjonar i samsvar med bestemmelsane i § 11 i REN teknisk forskrift til Plan og Bygningslova.

**Lokal VA- forskrift Aure kommune- vedlegg 05.10.07**